



**Vestland vassregion**

*Vatn frå fjell til fjord*

# Handlingsprogram for Vestland vassregion 2022–2027



Foto: Sveinung Klyve

Versjon 28.10.21

## **Handlingsprogram for Vestland vassregion til politisk behandling i Vestland, Rogaland, Viken, Innlandet og Møre og Romsdal**

Følgjande dokument var på høyring i perioden 1. april til 30. juni 2021:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland Vassregion 2022–2027 (vassforvaltningsplanen)
- Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022–2027
- Handlingsprogram for Vestland vassregion 2022–2027

Denne utgåva er korrigert etter høyringsinnspela som kom inn. Høyringsinnspela er summert opp i ein høyringsrapport. Vestland vassregionutval slutta seg til plandokumenta 07.10.21.

**E-post til postmottak;** [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Nettside:

[www.vlfk.no](http://www.vlfk.no)

[www.vannportalen.no/vannregioner/vestland](http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland)

Eventuelle spørsmål om dokumenta kan rettast til:

Merete Farstad, e-post: [merete.farstad@vlfk.no](mailto:merete.farstad@vlfk.no)

John Anton Gladsø, e-post: [john.anton.gladso@vlfk.no](mailto:john.anton.gladso@vlfk.no)

## Omtale av regional plan for vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland vart vedteke av fylkestinga i desember 2015. Planen vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i 2016. Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane var eigne vassregionar i perioden 2010–2019. Vassregionane vart slegne saman til Vestland vassregion som følgje av regionreforma 1.1.2020. Vestland fylkeskommune er vassregionstyresmakt for den nye vassregionen.

Planane for Sogn og Fjordane og Hordaland er no oppdaterte og reviderte og inngår i den nye planen for Vestland vassregion for 2022–2027. Planen med eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram (dette dokumentet) var på høyring våren 2021.

Planen er utarbeidd i tråd med *forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)*. Forskrifta er ei implementering av vassdirektivet til EU.

Regional plan for vassforvaltning vert vedteke som ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-4 med dei særreglar som følgjer av vassforskrifta.

Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021. Planen er eit sentralt verktøy for heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet. Dette skal skje gjennom:

- Ei heilskapleg vassforvaltning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, med god medverknad frå allmenne interesser.
- At ansvarlege kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheiter følgjer opp forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet i eigne planar, syter for å gjennomføre tiltak innan eige ansvarsområde og gjer vedtak etter eige sektorlovverk.
- Å unngå forverring av miljøstanden i vassdrag og kystvatn.
- Å oppfylle miljømål og gjennomføre miljøforbetrande tiltak slik det vert fastsett for den enkelte innsjø-, elv- og kystvassførekomst.

For å nå miljømåla i forvaltningsplanen, er det utarbeidd eit regionalt tiltaksprogram som konkretiserer moglege tiltak for å førebyggje, forbetre og/eller retta opp att miljøtilstanden der det er naudsynt. Dei konkrete tiltaka er registrerte på den enkelte vassførekomst i Vann-nett.no.

Regional plan for Vestland vassregion 2022–2027 er den andre planperioden. Planen og tiltaksprogrammet vert oppdatert kvart sjette år.

## Handlingsprogrammet

I høve til plan- og bygningslova § 8-1, skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å rullere handlingsprogrammet. Ved rullering av handlingsprogrammet vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen, fornya.

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølve planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet. Arbeidsfordelinga går fram av tabellen på side 6–7. Oppgåvene er ikkje lista etter ei prioritert rekkefølge.

Handlingsprogrammet gjeld for perioden 2022–2027. Handlingsprogrammet er utarbeidd med medverknad frå kommunane, sektorstyresmakter og fylkeskommunar, slik at delar av planen som krev medverknad frå desse vert mest mogleg realistiske. Behov for rullering av handlingsprogrammet vert vurdert årleg.

## Ressursbehov

Det har ikkje vore mogleg å gi ei oversikt over trong for ressursar for den enkelte sektorstyresmakt. Det er ingen som får tildelt nye roller eller oppgåver. Alle sektorstyresmakter må sette av tid og resursar innafor respektive ansvarsområde og kople dette mot eigne budsjett og økonomiplanar.

Handlingsprogrammet er vist i tabellen nedanfor, og er delt inn etter fire hovudoppgåver:

- A) Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Vestland Vassregion
- B) Drift av vassregionen
- C) Drift av vassområda
- D) Rullere forvaltningsplan for 3. planfase (2028–2033)

## Tilskotsordningar knytt til vassforskrifta og regional plan

Fleire av direktorata har tilskotsordningar som kan vere aktuelle for å søke finansiering av overvaking og tiltaksgjennomføring m.m. Desse ordningane vil kunne verte endra frå år til år og det er difor ikkje føremålstenleg å gje ei samla oversikt då den fort vert utdatert. Miljødirektoratet har søknadsfrist 15. januar for fleire tilskotsordningar.



Synfaring av tiltak i Nausta. Foto: John Anton Gladsø

Tabell som viser aktivitetar i handlingsprogrammet. VOK: vassområdekoordinator, VRM: vassregionstyresmakt (Vestland fylkeskommunen), Alle: fylkeskommunar, kommunar og sektorstyresmakter (statlege etatar).

| Oppgåve A<br>Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion |  |                                |                        |      |      |      |      |      |      |
|--|--|--------------------------------|------------------------|------|------|------|------|------|------|
|  |  | Hovudansvar                    | Medverkande            | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Aktivitet 1  | Implementere regional vassforvaltningsplan i kommunale og fylkeskommunale planar og planoppgåver.  | Kommunar, fylkeskommunar       |                        | x    | x    | x    | x    | x    | X    |
| Aktivitet 2  | Legge regional plan for vassforvaltning til grunn for eigen verksemd.  | Alle                           |                        | x    | x    | x    | x    | x    | X    |
| Aktivitet 3  | Gjennomføre egne tiltak i tiltaksprogram.  | Alle                           | VOK                    | x    | x    | x    | x    | x    | X    |
| Aktivitet 4  | Koordinere gjennomføring av regionale overvåkingsprogram, m.a. etablere stasjonsnett for tiltaksovervaking og problemkartlegging. Ansvarlege sektorstyresmakter, kommunar og fylkeskommunar har ansvar for å gjennomføre overvakinga. Ein må freiste å finansiere overvakinga ved pålegg, spleiselag og tilskot (sjå aktivitet 22). Oppdaterte overvåkingsprogram skal årleg presenterast på Vannportalen.no på den regionale sida for Vestland. | Statsforvaltaren               | Alle                   | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 5  | Rapportere til vassregionstyresmakta når formålet til planen og prioriteringar ikkje vert fylgt.   | Alle                           |                        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 6  | Sektorstyresmakter og VOK oppdaterer kontinuerleg status for gjennomførte tiltak i Vann-nett. VRM legg ut status for gjennomføring av tiltak to gonger årleg på Vannportalen.no. Status for gjennomføring av tiltak vert årleg tema på møta i vassregionutvalet og i vassområdeutvala. Vann-nett må vere oppdatert før midtvegsrapportering til ESA. Miljødirektoratet/KLD har ansvar for å rapportere til ESA.                                  | Sektorstyresmakter, VOK og VRM | Kommunar               | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 7  | Kontinuerleg oppdatering i Vann-nett om miljøtilstand, karakterisering, klassifisering, påverknadar etc.   | Statsforvaltaren (fagansvar)   | Alle                   | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 8  | Leggje data inn i Vannmiljø. Den som gjennomfører overvaking må syte for at data vert lagt inn i Vannmiljø. Det bør inngå i overvåkingsoppdrag at konsulenten legg inn data her.   | Sektorstyresmakter             | Statsforvaltaren       | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 9  | Oppdatere bruk av § 12 i vassforskrifta i Vann-nett. Sektorstyresmaktene må sende kopi av vedtak til VRM fram til teknisk løysing er på plass i Vann-nett.   | Alle                           | VOK                    | x    | x    | x    | x    | x    | X    |
| Aktivitet 10   | Klargjering av eksisterande økonomiske og juridiske verkemiddel og kontinuerleg vurdering av trong for nye verkemiddel for å kunne nå miljømåla.   | Sektorstyresmakter, kommunar   | Miljødirektoratet, VRM | x    | x    | x    | x    | x    | X    |

|                                    |  |                           |                                      |      |      |      |      |      |      |
|------------------------------------|--|---------------------------|--------------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Aktivitet 11                       | Utarbeide årsrapport for vassregionen på grunnlag av årsrapportar frå vassområda.  | VRM                       | Vassregionutvalet, vassområda        | x    | x    | x    | x    | x    | X    |
| Aktivitet 12                       | Lage ein framdriftsplan for oppfølging av prioriteringar i planen. Årleg oppdatering av planen. Ved behov oppdatere prioriteringar i handlingsprogrammet.                                  | VRM                       | Vassregionutvalet, vassområda        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 13                       | Gjere tilgjengeleg og oppdatere temakart med fakta om landbruksdrift langs vassdrag.   | Statsforvaltaren          |                                      | x    | x    |      |      |      |      |
| Oppgåve B<br>Drift av vassregionen |  |                           |                                      |      |      |      |      |      |      |
|                                    |  | Hovudansvar               | Medverkande                          | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Aktivitet 14                       | Avhalde møte Vestland vassregionutval.   | VRM                       | Vassregionutvalet                    | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 15                       | Halde regional referansegruppe orientert om arbeidet.  | VRM                       | Vassregionutvalet                    | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 16                       | Halde møte/samlingar mellom VRM, Statsforvaltaren, relevante sektorstyresmakter og VOK for drøfting av relevante tema, kurs og opplæring.  | VRM                       | Fylkeskommune, Statsforvaltaren, VOK | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 17                       | Følgje opp vassområdeutvala og vassområdekoordinatorane i vassregionen.  | VRM                       |                                      | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 18                       | Bidra til regionalt fokus på vatn – samordne med andre aktivitetar.  | VRM                       | Alle                                 | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 19                       | Formidle arbeidet med oppfølging av den regionale planen og tiltaksprogrammet, m.a. oppdatere nettsida for Vestland vassregion, nytte media for formidling og bevisstgjerjing av arbeidet. | VRM                       | Alle                                 | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Oppgåve C<br>Drift av vassområda   |  |                           |                                      |      |      |      |      |      |      |
|                                    |  | Hovudansvar               | Medverkande                          | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Aktivitet 20                       | Halde møte i vassområdeutvala, temagrupper og referansegrupper i vassområda. Etablere nye temagrupper ved behov.   | Vassområda, VOK, Kommunar | Alle, VRM                            | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 21                       | Sørgje for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå.  | Kommunar, vassområde      |                                      | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 22                       | Utnytte finansieringsordningar til tiltak og overvaking.   | Alle                      |                                      | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 23                       | Bidra til lokal kunnskapsoppbygging og bevisstgjerjing, oppdatere og drifte heimesida for vassområdet.   | Vassområda                |                                      | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 24                       | Årsrapportering til VRM.   | Vassområdeutval           | Alle                                 | x    | x    | x    | x    | x    | x    |

Oppgave D  
Rullere forvaltningsplan for 3. planfase (2028-2033)

|              |  | Hovudansvar | Medverkande | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--------------|--|-------------|-------------|------|------|------|------|------|------|
| Aktivitet 25 | Sende revidert planprogram på høyring 2028–2033.             | VRM         | Alle        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 26 | Sende hovudutfordringar i vassregionen på høyring 2028–2033. | VRM         | Alle        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 27 | Oppdatere tiltaksprogrammet 2028–2033.                       | VRM         | Alle        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |
| Aktivitet 28 | Oppdatere vassforvaltningsplanen 2028–2033.                  | VRM         | Alle        | x    | x    | x    | x    | x    | x    |

